



Alle som har avlastaroppdrag i Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2776 - 16/22007

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

18.11.2016

## Dom i Högsterett: Grensa mellom arbeid og oppdrag for avlastarar

Högsterett avsa per 23.06.16 ein dom der temaet var grensa mellom arbeidstakar- og oppdragstakaromgrepel for avlastarar ig støttekontaktar. Dommen inneber m.a. at kommunen må ta ein gjennomgang av alle dei oppdragsavtalene for avlastarar som vi har p.t. Med bakgrunn i domsslutninga må vi vurdere om desse oppdraaga har karakter av arbeid, og om avlastar såleis kjem inn under arbeidstakaromgrepel.

Dersom avlastar skal klassifiserast som arbeidstakar etter arbeidsmiljølova, inneber dette m.a. at alle relevante reglar for arbeidstakarar vi gjelde. Døme på dette er innmelding i pensjonsordning, rett til feriepengar, sjukepengerettar, m.m. Også communal tariffavtale vil slå inn, med dei reglar som gjeld her, t.d. for lønsplassering, ulike tillegg, overtidsbetaling m.m.

Når avlastar vert klassifisert som arbeidstakar etter arbeidsmiljølova vil også dei avgrensingar lova set for lengda på arbeidstida slå inn med full tyngde. Dette gir oss utfordringar når det gjeld organisering av avlastaroppdraga, kanskje spesielt med tanke på dei lange avlastaroppdraga i helgane. Omgjering av avlastaroppdrag til arbeidsforhold vil også få konsekvensar i dei tilfella der avlastar frå før har 100% stilling i Meland kommune.

Avlastarfunksjonen er ein viktig del av den tenesteytinga kommunen skal leve. Meland heimeteneste vil difor legge stor vekt på at den omlegginga/omorganiseringasom som dommen krev skal gå så smidig som mogleg. Vi håper at det skal la seg gjere å finne løysingar innanfor lovverket som ikkje slår negativt ut for tenestemottakar og som avlastar kan leve med. Vi håper også i det lengste at vi skal kunne unngå å måtte sei opp oppdrag.

Den enkelte avlastar vil bli kalla inn til ein samtale med leiar for heimetenesta, slik at ein kan drøfte korleis det konkrete oppdraget kan organiserast som eit arbeidsfohold - innan dei lovbestemte rammer for arbeidstid som no vil gjelde.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Kari Anne Iversen  
Personal- og organisasjonssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Britt Hilde Romarheim  
Nina Tillfjord

**Mottakere:**

Alle som har avlastaroppdrag i  
Meland kommune